



Medlemer i Avkroken Bryggjarlag i Røyrvikjo har innslag med song og deklamasjon

**Den tradisjonelle Uppskoka vart skipa til sist laurdag. Dønhaugkjedlaren var fullsett og med gjester frå mange bygder og eit godt program vart kvelden vellukka på alle måtar.**

Ei lokal gruppe med Sussi Bodin, Leif Kjellesvik og Ragnvald Myklebust framførte irsk musikk. Avkroken Bryggjarlag sa fram helsing, song og deklamerte diktet Per Supar av Ragnvald Vaage. Juleølet smakte og alle sette stor pris på betasuppa,-laga av Humlepungen Bryggjarlag sin eigen kokk, Kjell Tungesvik. Ei stor gruppe frå folkeskuleklassen 1958 - 1965 var med på tilskippinga. For dei var Uppskoka nærmast eit klassetreff.



Ei lokal gruppe med medlemmer frå Odda og Kvinnherad framfører irsk musikk. Frå venstre: Leif Kjellesvik, Sussi Bodin og Ragnvald Myklebust